



Best in show: Ane Storhaug Grøndal med Svart Hundens Gram

Elghundutstilling på forsommaren i regi av Hordaland Elghundklubb har vorte ein positiv tradisjon i Uskedalen og heller ikkje regnveret makta å leggja ein dempar på eit svært vellukka arrangement i dag. Det vart avvikla med imponerende presisjon under krevjande tilhøve ved skulen og med deltaking av 43 hundar. Det er klart fleire enn før. Dommar Arne Berget slår fast overfor uskedalen.no at utstillinga hadde svært høg kvalitet. Best in show vart hannhunden Svart Hundens Gram som er oppdretta av Tore Storhaug på Sandvoll og eigd av Ane Storhaug Grøndal i Bergen. Han har fått førstepremie 2 gonger før, også i fjor i Uskedalen.



Beste tispe, med oppdrettar Kjell Rusten og eigar Gaute Sekse

Dommaren er forresten verdt nokre liner for seg, for han bur i Jordet i Trysil og køyrde 120 mil for å løyse dette oppdraget.





Dommar Arne Berget kørte 120 mil for å gjera jobben i Uskedalen

Og det gjorde han på framifrå vis sjølv om han kjem frå den grå elghundens rike. Men han har sjølvstøtt også dømt svart elghund før og hatt slik hund sjølv.



Anita Lie var både arrangør og utstillar. Her er ho i utstillar-rolla. I dagens utstilling var det stilt berre ein gråhund og dessutan ein kvit svenske, i tillegg til alle svarhundane.

Mange av dei hadde oppdrettaradresse Sandvoll og det er ingen tvil om at oppdrettarane Tore Storhaug og Kjell Rusten har sett tydelege spor etter seg. Men også andre delar av Kvinnherad var representert på deltakarlista, til dømes både Herøysund og Omvikdalen. Frå Uskedalen stilte ingen svart elghund denne gongen, sjølv om han er å finna også her i bygda.

Hunden som vart best vann i finalen over den beste tispå og det var Frøya av Hjortshaugen, med Kjell Rusten som oppdrettar og Gauta Sekse frå Ullensvang som eigar. På andreplassen blant hannhundane kom Børvelias Ivrige Aron som er oppdretta av krumtappen i utstillinga, tidlegare uskedeling Anita Lie og no er eigd av Åsmund Hjelmeland i Omvikdalen.



Tidligere er utstillinga avvikla på grusbana, som er ideell for føremålet. Men arrangørane høyrde vermeldinga på fredagskvelden og flytta arrangementet delvis under tak - i skulen og Aktivitetshuset. Det var eit bra alternativ og hundefolket kjem nok att neste år...

Tekst og foto. Ola Matti Mathisen



Åpen tispeklasse vann Siri Hjelmeland frå Omvikdalen med Ella Fra Zippo